

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		11.02.2021

Klagesak.

Klage på vedtak - Leige av offentleg areal til uteservering - Munken Bistro AS – gnr. 166 bnr. 667 – Fv. 577 Kaigaten – Bergen kommune.

## Forslag til vedtak

Klage frå Munken Bistro AS over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2020 , leige av offentleg areal til uteservering langs Kaigaten 20, gnr 166 bnr. 667, langs fv. 577, vert teken delvis til følgje.

Det vert gjeve løyve til leige av fortausareal ved Kaigaten 20, langs fv. 577 med 1,5 meter ut frå fasaden og 7,5 meter langs fasaden. Det vert og gjeve løyve til eit transportareal utan møblering ved inngangen til Kaigaten 20 med 1,5 meter frå fasaden og 2 meter langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 14,25 m<sup>2</sup>, der 11,25 m<sup>2</sup> er til uteservering og 3 m<sup>2</sup> er til transportareal.

Løyve vert gjeve på **følgjande vilkår:**

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyresmaktene har fatta vedtak om, jf. Veglova § 57 2. ledd, 2 punkt. Det betyr at fysisk avgrensning av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedteke.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må difor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

- All møblering skal plasserast direkte på bygolvet.
- Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Munken Bistro AS og Vestland fylkeskommune om leige av offentleg areal til uteservering.

## Samandrag

Saka gjeld leige av fortausareal langs fv. 577 Kaigaten 20 i Bergen kommune, til uteservering. Munken Bistro AS har den 09.06.2020 søkt om leige av offentleg areal til uteservering. Det vart søkt om eit areal på 2,1 x 9,5 m, totalt 19,5 m<sup>2</sup>.

Den 25.06.2020 gjorde Infrastruktur og veg (heretter INV) forvaltning og utgreiing vedtak om leige av eit totalt areal på 9,5 m<sup>2</sup>. I vedtaket vart det gjeve løyve til eit mindre areal enn det som det var søkt om. Vedtaket vart påklaa den 14.07.2020 av dagleg leiar for Munken Bistro AS, Mats Ekeberg.

Klagen er motteken innan klagefristen.

INV Forvaltning og utgreiing har vurdert klagen som underinstans og har funne å oppretthalde sitt vedtak i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klagen og rår til at klagen frå Munken Bistro AS over INV Forvaltning og utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 25.06.2020 om leige av offentleg areal til uteservering langs Kaigaten 20, langs fv. 577 gnr. 166 bnr. 577 - Munken Bistro AS - vert teken delvis til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:

1. Søknad frå Munken Bistro AS, om leige av offentleg areal til uteservering.
2. Situasjonskart frå Munken Bistro As.
3. Vedtak frå INV Forvaltning og utgreiing Bergensområdet den 25.06.2020.
4. Klage frå Munken Bistro AS, den 14.07.2020.
5. Bilete 1, vedlagt klagen.
6. Bilete 2, vedlagt klagen.
7. Oversending av klage frå INV v/fylkesdirektør 26.10.2020.
8. Bilete frå Kaigaten 20, den 24.01.2021.


## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det var søkt om leige av offentleg areal til uteservering den 09.06.2020, frå Munken Bistro AS. Det var søkt om eit areal til uteservering, samt eit mindre areal til transport av mat og drikke til uteserveringa. Arealet dette gjeld er eit fortau utanfor Kaigaten 20, langs fv. 577, Kaigaten.

Vestland fylkeskommune må godkjenne bruk av areal til uteservering både som grunneigar og som vegstyresmakt. Bergen kommune har eigne retningslinjer for uteservering på offentleg grunn i Bergen sentrum.

Det var søkt om eit areal på 2,1 x 9,5 meter, totalt eit areal på 19,95 m<sup>2</sup>. Uteserveringa skal vare heile året. Arealet hadde ei rektangulær form.



Figur 1: Munken Bistro. Raud ring markerer området der det er søkt om uteservering på.

Den 25.06.2020 gjorde INV forvaltning og utgjeiing slikt vedtak:

*«Vestland fylkeskommune samtykker for heile sesongen 2020 til utleige av fortausareal til uteservering langs fv. 577 Kaigaten i 7,5 meters lengde og 1 meter ut frå fasaden langs Kaigaten 20. Vidare samtykker Vestland fylkeskommune til eit transportareal utan møblering ved inngangen til Kaigaten 20 med 1 m frå fasaden og 2 m langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 9,5 m<sup>2</sup> der 7,5 m<sup>2</sup> er til uteservering og 2 m<sup>2</sup> er til transportareal. Samtykket for dette arealet er eit enkeltvedtak etter veglova §§ 9 og 57.»*

I vedtak av 25.06.2020 vart det gjeve løyve til leige av offentleg areal til uteservering, på eit mindre areal enn det som det vart søkt om. I løyvet var det vist til at vegarealet sin primære funksjon er trafikkføremål av motoriserte køyretøy og myke trafikantar. I den grad uteserveringa ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet, ynskjer INV å leggje til rette for uteservering.

I vedtaket frå INV går det mellom anna fram under avsnittet «vurdering av saka»:

*«I Kaigaten har Vestland fylkeskommune lagt til grunn at ferdselssona på fortauen skal vere 4 m. Dette er grunngitt i at det resterande arealet skal samsvere med føresegen § 6.3 for kommunedelplan for sentrum som krev minimum 3 m fri fotgjengarbreidde. Det er naudsynt med 1 m meir enn dette langs fortauen i Kaigaten. Det er høg ferdsel langs fortauen, og forbod mot sykling i bybanetraséen som gjer at syklistar må bruke fortauen. Vidare skal det vere plass til dei med rullestol, rullator og barnevogn. Også blinde og svaksynte skal kunne ferdast utan problem i ferdselssona. Vurderingane er gjort i samarbeid med plan- og bygningsetaten som har vurdert saka etter kommunedelplan sentrum, § 6.3.»*

Dagleg leiar i Munken Bistro AS, Mats Ekeberg, klaga på vedtaket den 14.07.2020.

Arealet som det er søkt om uteservering på, er i gjeldande reguleringsplan *Bergenhus, strekningen sentrum-bystasjonen* med plan-ID 4601\_16950001 sett av til anna trafikkareal.

Fylkeskommunen har som vegmyndighet ei plikt til å følgje dei retningslinjene som Bergen kommune som planmyndighet sett til ferdselssona i byromma etter *kommunedelplan sentrum* § 6.3 i samband med uteservering.

I «*Retningslinjer for uteservering på offentleg grunn i Bergen sentrum*», vedteke av byrådet den 17.03.2016, går det fram på s. 3, punkt 8 at:

«*Serveringsareal på fortau skal ikke være bredere enn at det skal være minimum 3 meter fri og sammenhengende gangpassasje. På fortau med stor/overordnet ferdsel av fotgjengere og/eller syklister, kan kravet til fri gangpassasje overgå 3 meter. Uteservering skal ikke vanskeligjøre fremkommeligheten til syns- og bevegelseshemmede.*»

Retningslinjene gjeld uteservering på offentleg grunn i Bergen kommune (avgrensning som for Kommunedelplan for Bergen sentrum, plannummer: P 1578,00,00) Det går fram av kartet på side 5, at Kaigaten 20 er innafor plankartet.



Bilete frå befaring 24.01.2021, Munken Bistro AS.

### **Rettsleg grunnlag**

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklagast, klageinstans:

«*Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).*

*For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnender*

*oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller flere særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»*

Forvaltningslova § 34 (Klageinstansen kompetanse) 1. ledd og 2. ledd, 1. og 2. pkt lyder:

«Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken, jfr. dog § 31. Klageinstansen er ikke bundet av at underinstansen har ansett vilkårene for å foreligge.»

Tas klagen under behandling, kan klageinstansen prøve alle sider av saken og herunder ta hensyn til nye omstendigheter. Den skal vurdere de synspunkter som klageren kommer med, og kan også ta opp forhold som ikke er berørt av ham.»

Det går fram av veglova § 1 a at:

*«Formålet med denne lova er å trygge planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»*

Veglova § 9 2. ledd lyder:

«Vegstyremakt for fylkesvegar er fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan deleger styremakt til Statens vegvesen og kommunen.»

Leige av fortausareal er både omfatta av reglane om eigedomsrett og av veglova § 57. 2 ledd, 2 punkt.

Veglova § 57 1. og 2. ledd seier:

«Det er forbode å skade offentleg veg eller å skade eller ta bort innretning som hører til offentleg veg.

På eigedomsområdet til offentlig veg er det forbode utan løyve fra vegstyremakta

- 1) å grave, spreng, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep,
- 2) å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg opplagsplass til slik bruk,
- 3) å kaste eller legge søppel, ugras e.l. eller å leide kloakkvann eller drensvann.»

Regelen sitt føremål er knytt til trafikkfaglege omsyn. Det er klagerett på slike vedtak.

Det går frem av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse:

«*Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klaga på kan avvisast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.*»

Det går fram av Retningslinjer for uteservering på offentlig grunn i Bergen kommune, vedtatt av byrådet 17.3.2016,

s. 3, pkt. 2 2. ledd at:

«Innretning som krever tillatelse etter vegloven § 57 skal være godkjent av rette vegmyndighet.»

Retningslinjene punkt 8 seier:

«*Serveringsareal på fortau skal ikke være bredere enn at det skal være minimum 3 meter fri og sammenhengende gangpassasje. På fortau med stor/overordnet ferdsel av fotgjengere og/eller syklister, kan*

*kravet til fri gangpassasje overgå 3 meter. Uteservering skal ikke vanskeligjøre fremkommeligheten til syns- og bevegelseshemmede.»*

## Klagen

Munken Bistro AS har ved dagleg leiar sett fram klage den 14.07.2020.

### «Klage

*I sak 2020/56871 blir Munken Bistro AS gitt tillatelse til uteservering på 1 meter av fortausbredden og ikke 2 meter som det var søkt om. Med dette vedtaket økes fortausbredden for myke trafikanter fra alminnelige 3 meter til ekstraordinære 4 meter. Vedtaket var begrunnet med at «det er høy ferdsel langs fortauet, og forbod mot sykling i bybanetraséen som gjer at syklistar må bruke fortauet».*

*Munken Bistro AS vil med dette klage på vedtaket. Klagen er begrunnet med flere argumenter, men hovedsakelig med bakgrunn i at påstanden om at det er høy ferdsel langs fortauet ikke er i tråd med det virkelige trafikkbildet i kaigaten. Langs lille lungegårdsvann går det veldig mange mennesker hver dag, men langs kaigaten er det veldig få gående og syklende. Det er forståelig at man tenker det er høy trafikk når man ser på et kart, for kaigaten ligger midt i byen, men det er faktisk nær ingen myk trafikk der. Dette kan vi hyre inn noen til å telle, om det vil hjelpe oss i vår sak. Det er heller ingen sykkelveier som naturlig leder gjennom kaigaten, og på den måten sannsynliggjør økning av den type trafikk.*

*Et par punkter som vi har merket oss fra retningslinjene for uteservering i Bergen er at det i høytrafikkgater som marken og «gågaten» kreves 4 meter, mens i skostredet kreves det bare 3 meter bredde. Vi føler derfor at å skulle forholde oss til 4 meters bredde i en så lite trafikkert gate som kaigaten virker uforholdsmessig restriktivt i vårt tilfelle, og ikke i harmoni med retningslinjene for andre gater og aktører i Bergen.*

*En annen relevant sak å nevne er at det noen få meter bortenfor uteserveringen til Munken Bistro AS er en vareleveringsplass som sperrer av fortauet, og således reduserer gangbredden til 205cm. Gående kan alltid greie å gå mellom sperrestolpene, men for syklende, de med barnevogn og rullestolbrukere vil det her være en innsnæring som vil være så stor, at om det er 3 eller 4 meters gangbredde utenfor Munken Bistro AS sine lokaler vil være av liten logistisk betydning. Vedlagt er bilder av vareleveringsplassen.*

*Vi ber derfor om en respons på at dere, enten i samråd med plan- og bygningsetaten undersøker det faktiske trafikkbildet i kaigaten noe nærmere, eller gir oss en tilbakemelding på aktører vi kan hyre inn for å grundigere dokumentere den faktiske mengden myke trafikanter.  
Håper på positiv tilbakemelding.»*

Vedlagt klagen var to bilete frå vareleveringsplassen, i kort avstand frå Munken Bistro AS.  
Sjå vedlegg 5 og 6.

## INV Forvaltning Bergensområdet si vurdering av klagen

INV Forvaltning Bergensområdet vurderte saka på nytt då dei fekk inn klagen, og fant å oppretthalde vedtaket. Det var inga nye opplysningar i saka, som tilsa ein omgjering av vedtak av 25.06.2020.

## Fylkesdirektør infrastruktur og veg si vurdering av klagen

Fylkesdirektør infrastruktur og veg har den 26.10.2020 gjeve følgjande vurdering:

*«I trafikkreglane § 1 er fortau i definert som eit anlegg for gåande som er skild frå køyrebana med kantstein. Syklande kan nytte fortau når gangtrafikken er liten og syklinga ikkje medfører fare eller er til hinder for gåande, jamfør § 18.*

I Kommunedelplan sentrum 2000-2011 står følgjande under punkt 6.3: «Butikker og serveringssteder gis muligheter for gatesalg og uteservering i inntil 1 meters bredde langs fasade dersom krav om fri fotgjengerarealbredde på min. 3 meter, og eventuelt areal for holdeplass, varelevering og andre prioriterte aktiviteter er ivaretatt.». Planen er framleis gjeldande, då det ikkje

er vedteken nokon ny kommunedelplan for sentrum. Skal det etablerast breiare uteservering enn ein meter, krev dette dispensasjon frå kravet om ein meter i gjeldande plan.

Det er ikkje tillate å sykle i køyredebana/bybanesporet i Kaigaten. Slik vi ser det må det difor takast høgde for sykkeltrafikk på fortauet, i tillegg til gåande, personar med rullestolar og barnevogner.

Spesielt for syklande er Kaigaten ein naturleg del av ruta dersom ein skal ein nord/sør, mellom Haukeland og jernbanestasjonen. Då det er forbod mot sykling på Bergen Storsenter, der dei som vil ha med seg sykkel gjennom Storsenteret må gå av sykkelen og trille den, vert det naturleg å sykle på utsida slik at ein kjem inn i Kaigaten. Då det er fleire arbeidsplassar både ved Haukeland og Jernbanestasjonen, vert denne aksen viktig. Kaigaten, som er ein del av denne aksen, har såleis ein viktig transportfunksjon.

Mengden ferdsel på fortauet i Kaigaten er truleg noko varierande gjennom året. Uavhengig av kor mange som ferdast på fortauet, vil ein ved ei breiare uteservering «presse» mjuke trafikantar nærmare kanten på fortauet og dermed nærmare bybana.

Rullestolbrukarar, barnevogner, personar som nyttar rullatorar og liknande treng meir plass enn gåande utan hjelpemiddel eller anna utsyr. Spesielt gjeld dette når dei skal passere andre med tilsvarande utstyr. På grunn av høgdeskilnad mellom fortau og vegbane må dei halde seg på fortauet, og har ikkje andre alternativ enn å halde seg på fortauet til dei kjem til nedsenka kantstein. Når det er mykje folk på fortaua vil det vere utfordrande å sjå kva som kjem i mot for å eventuelt vente på stadar der ein kan passere kvarandre. Det er vårt ansvar å legge til rette for god framkomst der ein slepp å vente for å kunne passere andre.

Når det gjeld vareleveringsplassen, er denne naudsynt og vanskeleg å få til på annan måte slik området er i dag. Varebilar står ikkje her konstant, slik at dei fleste mjuke trafikantar vil kunne passere både på fortauet og på vareleveringsplassen. Dette gjer det enklare for til dømes rullestolbrukarar. Så lenge det ikkje føregår varelevering, vil gåande kunne bruke vareleveringsplassen og slik sett frigje det resterande fortausarealet til andre. Uteserveringsarealet er «konstant» og gjev ikkje rom for gåande å gje plass til til dømes passerande rullestolbrukarar.

Slik vi ser saka, bør det med omsyn både til trafikktryggleiken og framkomsten til mjuke trafikantar, leggjast til rette for eit større areal på fortaua til nettopp dei mjuke trafikantane.»

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har vurdert klagen og argumenta som kjem fram i klagen, men finn ikkje grunnlag for å gjere om vedtaket.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

INV Forvaltning og utgreiing Bergensområdet og fylkesdirektør infrastruktur og veg, har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i mellom anna veglova § 9 og § 57 og Bergen kommune sine retningslinjer for uteservering på offentlig grunn punkt 8.

Ved handsaminga av denne klagesaka har ein frå politisk sekretariat vore på staden og vurdert fortausarealet den 24.01.2021.

I klagen vert det hovudsakleg peika på at påstanden om at det er høg ferdsel langs fortauet ikkje er i tråd med det verkelege trafikkbiletet i Kaigaten. Klagar peikar på at det langs Lille Lungegårdsvann går mange menneske kvar dag, mens det langs Kaigaten er lite gåande og syklande. Fylkesrådmannen ser at uteservering er eit viktig element i ein levenda by, ein berikelse for sentrum og bidreg til liv i byrommet. Fylkeskommunen er i eigenskap av veigeigar, positiv til å leiga ut fortausareal til uteservering på offentleg areal i sentrum under føresetnad at framkome og sikkerheit på gater og fortau er ivaretake. Slik fylkesrådmannen vurderer det, er Kaigaten eit viktig bindeledd mellom Bergen sentrum og Bergen sør, mellom anna mellom Fløen-området, Haukeland sjukehus og Bergen sentrum. INV forvaltning viser i si vurdering til at Kaigaten har ein viktig transportfunksjon, både for gåande og syklande. Fylkesrådmannen vil her vise til retningslinjene punkt 8, som gjeld krav til fri gangpassasje. Her går det mellom anna fram at uteserveringa ikkje skal vanskeleggjera framkoma for syns- og rørslehemma.

I klagen vert det vist til retningslinjene for utesevering. Dei peikar på at i nokre områder vert det «berre» kravd 3 meters gangpassasje, medan i Kaigaten med lite trafikk vert det kravd 4 meters gangpassasje, noko dei finn svært strengt og ikkje i harmoni med retningslinjene.

Fylkesrådmannen vil kort vise til at det er høg ferdsel på dette fortauet, samstundes som det er forbod mot sykling i bybanetraseen, noko som gjer at syklistar må bruke fortauet. Samstundes skal det og vera plass til dei som er avhengig av rullestol eller rullator, samt dei som har med seg barnevogn. Fylkesrådmannen vil

også her vise til retningslinjene punkt 8. Her går det fram at serveringsareal på fortau skal ikkje vera breiare enn at det skal være **minimum 3 meter** fri og samanhengande gangpassasje. Retningslinjene skal mellom anna sikre tilgjenge for ulike brukargrupper og forsvarleg framkome på gater og fortau.

Fylkesrådmannen vil presisera at fortaua si overordna funksjon i byen er å vere ei ferdsselsåre. Framover i tid skal endå fleire personar gå, og ein skal legge til rette for at det skal vere attraktivt å gå for alle.

Fylkesrådmannen vil vise til vurderingane ovanfor av INV forvaltning og vurderinga frå fylkesdirektør infrastruktur og veg, og vil etter vise til at ein utvida bruk av fortauen kan kome i konflikt med målsetningane om universell utforming og tilrettelegging. Men fylkesrådmannen vil også vise til omsynet til likheit og at uteserverinsstadane skal gje eit heilhetleg uttrykk på fasadar i bybiletet.

Det er eit ulovfesta prinsipp i forvaltningsretten, at like saker skal handsamast likt. I førre møte i klagenemnda, den 08.12.2020, vart det handsama ei klagesak frå same område og langs same veg. I saka frå møte den 08.12.2020 vart det i møtet gjeve løyve til leige av offentleg areal til uteservering 1,5 meter ut frå fasaden langs fv. 577 (Kaigaten). Det vart då lagt til grunn 3,5 meter til ferdselssone på fortauen langs Kaigaten, langs fv. 577.

I begge desse sakene var det søkt om løyve til uteservering 2 meter ut frå fasaden. Desse to sakene er samanliknbare.

Fylkesrådmannen finn at det med grunnlag i veglova § 57 2. ledd, 2. pkt., og ut frå omsynet til prinsippet om likheit, er heimel for å gje søkjar delvis medhald i si klage, og gje løyve til leige av fortausareal ved Kaigaten 20, langs fv. 577, med 1,5 meter ut frå fasaden og 7,5 meter langs fasaden. Det vert også gjeve løyve til eit transportareal utan møblering ved inngongen til Kaigaten 20 med 1,5 meter frå fasaden og 2 meter langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 14,25 m<sup>2</sup>, der 11,25 m<sup>2</sup> er til uteservering og 3 m<sup>2</sup> er til transportareal. Det vert då ein 3,5 meter ferdselssone på fortauen utanfor Kaigaten 20.

#### Løyve vert gjeve på **folgjande** vilkår:

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyresmaktene har fatta vedtak om, jf. Veglova § 57 2. ledd, 2 punkt. Det betyr at fysisk avgrensning av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedteke.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må difor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

-All møblering skal plasserast direkte på bygolvet.

-Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Munken Bistro AS og Vestland fylkeskommune om leige av offentleg areal til uteservering.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rá til at klaga frå Munken Bistro AS over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2020, leige av offentleg areal til uteservering langs Kaigaten 20, gnr 166 bnr. 667, langs fv. 577, vert teken delvis til følge.

#### Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til Reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Inga verknader.

##### **Klima:**

Inga verknader.

##### **Folkehelse:**

Inga verknader.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**  
Inga verknader.

Konklusjon

Klagen vert teke delvis til følgje, på vilkår. Sjå ovanfor.